

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**801**] N-77135 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1990a: 38; 1990b: 18, 21, [44]; NIyR VI: 205, omtala som A246; Christophersen 1998: 27.)

Innskrifta står på eit ovalt forma eigarmerke av tre, avbrote i den eine enden og utan festepunkt bevart. Merket slik det er no, er 74 mm langt, 8-15 mm breitt og 5-6 mm tjukt. Det vart funne i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan daterast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og 1225. Det er runer på den eine breisida av merket. Innskrifta startar eit stykke frå den skadde enden og dekkjer elles heile breisida av merket i ei lengd av 31 mm. Runene er frå 13 til 15 mm høge. Dei er godt bevarte, og jamvel om r. 1 står på den skadde delen av merket, er det ikkje tvil om lese måten på noko punkt. R. 1 har altså avsliten nedre del, men øvre del av boge og stav er godt bevarte, så det er tvillaust resten av ein **p** vi har å gjera med. R. 3 har open, nokså skarpt vinkla boge.

Þ Ǫ R Y | | ʀ ʀ

þ o r k i s l a

Þorgísl á. 'Torgils eig'.

Namnet *Þorgísl* er vanleg i kjelder frå heile det nordiske språkområdet gjennom heile mellomalderen (Lind 1905-15:). Etterleddet *-gísl* fekk med kvart metatase og er vanlegvis å finna i forma *-gils* i kjeldene frå vestnordisk område. Kjeldematerialet frå vestnordisk er likevel relativt ungt. I norsk må denne overgangen ha skjedd før 1250, kanskje så tidleg som på slutten av 1100-talet i namnet *þorgísl*. I islandsk må denne overgangen mest sannsynleg setjast til andre halvdel av 1200-talet (jf. Hagland 1990).

Det høver såleis godt med kronologien at det er den mest opphavlege forma vi har å gjera med i denne innskrifta, som synest å høyra til den eldre delen av tilfanget med merkelappar frå Trondheim. Merkelappinnskriftene frå Bryggen i Bergen har namnet tre gonger. To av dei har metatase (N747 og 748). Båe er daterte i høve til brannlag frå 1248 (under) og 1332. Den tredje (N616) har *-gísl* og er datert i høve til brannlaget frå 1198 (under), dvs. om lag same tid som dette merket frå Trondheim. Elles finst namnet (*H*)*allgísl* ein gong, også utan metatase (N705). Den innskrifta er datert i høve til brannlaget frå 1198 (over). Bergensmaterialet utanom merkelappane har elles eitt belegg med forma *Þorgísl*.

Denne høyrer også til den eldste delen av materialet og er datert i høve til brannlaga 1170

og 1198 (Markali 1983: 58). Kronlogien her gjer såleis at namneformer med sisteleddet *-gísl* ikkje godt kan nyttast som argument i diskusjonen om proveniens for tilfanget med merkelappar.